



Kontakt under eksamen:
Ingelin Steinsland (92 66 30 96)

EKSAMEN I TMA4315 GENERALISERTE LINEÆRE MODELLAR

Fredag 10. desember, 2010
Tid: 09:00 – 13:00

Tillatne hjelpe middel:
Tabeller og formler i statistikk, Tapir Forlag
K. Rottmann: Matematisk formelsamling
Calculator HP30S / CITIZEN SR-270X
Gult, stempela A4-ark med eigne handskrivne notat.

Sensur: 28. desember, 2010

Oppgåve 1 Talet på busspassasjerar

Ein busssjåfør vil modellere kor mange passasjerar han får frå busstoppet rett ved studentbyen. Han kan tenke seg tre forklaringsvariable; kva rute (route) der er (8 am eller 9 am), om det er i løpet av semesteret eller ikkje og temperaturen. Han har data for 20 dagar, gjeve i tabellen under. Han vurderer tre ulike modellar, alle analysert i R (sjå editert utskrift under): *modell 1* gjev **result1**, *modell 2* gjev **result2** og *modell 3* gjev **result3**.

- a) Sett opp den generaliserte lineære modellen (GLM) *modell 1* bruker matematisk, spesifiser antakingane og design matrisa X for dei første 6 observasjonane. Spesifiser og kva strategi som er brukt for å sikre identifiserbarheit, og diskuter kort alternativ(a). Forklar, matematisk og med ord, kva modell R-notasjonen **temp*semester** gjev (brukt i *modell 2*).

	Passengers	route	semester	temp
1	3	8am	semester	8.8
2	1	9am	nonSemester	11.5
3	1	8am	nonSemester	12.0
4	3	8am	semester	14.8
5	0	8am	nonSemester	-1.2
6	0	8am	nonSemester	7.8
7	0	8am	nonSemester	6.9
8	1	9am	nonSemester	7.5
9	6	8am	semester	7.7
10	2	8am	semester	5.5
11	1	8am	nonSemester	13.7
12	1	8am	nonSemester	13.1
13	0	9am	nonSemester	14.2
14	2	9am	nonSemester	0.2
15	4	8am	nonSemester	-4.7
16	0	9am	nonSemester	26.3
17	3	9am	semester	3.1
18	2	8am	semester	-4.0
19	1	9am	nonSemester	18.4
20	2	8am	nonSemester	-5.0

- b) Bruk no *modell 1*. Basert på resultata frå R:

Kva er forventa antall passasjerar på 9 am ruta, i semesteret når det er $5.4^{\circ}C$.

Kva er forventa antall passasjerar på 8 am ruta, utanfor semesteret når det er $-15.2^{\circ}C$.

- c) Vi vil no samanlikne modellar: Sett opp ei hypotese for å teste *modell 2* mot *modell 1* ved å bruke likelihood ratio testen (dvs basert på deviance), og utfør testen.

Kva av modellane *model 1*, *model 2* eller *model 3*, vil du foretrekke. Kvifor?

- d) La Y_1, \dots, Y_N vere uavhengige responsar med $Y_i \sim Po(\lambda_i)$. For modellen av interesse, med $p < N$ parameter, la \hat{y}_i vere dei tilpassa verdiane når ein bruker maximum likelihood estimata. Finn eit uttrykk, basert på y_i og \hat{y}_i , for deviancen i dette tilfellet.

```
> result1 = glm(Passengers~temp+semester, family=poisson(link="log"))
> summary(result1)
Coefficients:
              Estimate Std. Error z value Pr(>|z|)
(Intercept)    0.25406   0.30667   0.828  0.40741
temp          -0.03451   0.02462  -1.401  0.16107
semester      1.08499   0.35365   3.068  0.00216 **
---
Signif. codes:  0 ‘***’ 0.001 ‘**’ 0.01 ‘*’ 0.05 ‘.’ 0.1 ‘ ’ 1
```

Null deviance: 30.406 on 19 degrees of freedom
 Residual deviance: 17.677 on 17 degrees of freedom
 AIC: 62.03

```
> result2 = glm(Passengers~temp*semester, family=poisson(link="log"))
> summary(result2)
Coefficients:
              Estimate Std. Error z value Pr(>|z|)
(Intercept)    0.44315   0.29124   1.522  0.1281
temp          -0.07445   0.03384  -2.200  0.0278 *
semester      0.54611   0.46383   1.177  0.2390
temp:semester  0.10002   0.05316   1.881  0.0599 .
```

Null deviance: 30.406 on 19 degrees of freedom
 Residual deviance: 13.981 on 16 degrees of freedom
 AIC: 60.334

```
> result3 = glm(Passengers~temp+semester+route, family=poisson(link="log"))
> summary(result3)
Coefficients:
              Estimate Std. Error z value Pr(>|z|)
(Intercept)    0.28227   0.32780   0.861  0.38918
temp          -0.03345   0.02501  -1.338  0.18095
semester      1.06849   0.36035   2.965  0.00303 **
route9am     -0.09713   0.42224  -0.230  0.81806
```

Null deviance: 30.406 on 19 degrees of freedom
 Residual deviance: 17.623 on 16 degrees of freedom
 AIC: 63.976

Oppgåve 2 Negativ binomial fordeling

Sannsynstettleiken for ein negativ binomisk fordelt stokastisk variabel er;

$$f_y(y; \theta, r) = \frac{\Gamma(y+r)}{y! \Gamma(r)} (1-\theta)^r \theta^y$$

for $y = 0, 1, 2, \dots$, $r > 0$ og $\theta \in (0, 1)$. $\Gamma()$ står for gamma funksjonen. (Det er også andre parametriseringar for negativ binomial fordeling, men bruk denne no.)

- a)** Vis at negativ binomial fordelinga er ein medlem i den eksponensielle familien.
Du kan i dette punktet sjå på r som ein kjent konstant.
- b)** Bruk generelle formlar for eksponensiell familie for å vise at $E(Y) = \mu = r \frac{\theta}{1-\theta}$ og $Var(Y) = \mu \frac{1}{1-\theta}$
- c)** Sett opp ein GLM for datasettet i oppgåve 1 med negativ binomial responsfunksjon og same lineærkomponent som i *modell 1*.
Begrunn ditt val av link-funksjon.
Kva rolle har r ?
I kva situasjon vil det kunne vere fordelaktig å bruke negativ binomial som responsfunksjon i staden for Poisson-responsfunksjon?